

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gate 5, Bergen
Dato: 05.06.2019
Tidspunkt: 11:00-15:20

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Kari Foseid Aakre	Medlem	A
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Jon Askeland	Leiar	SP
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gustav Bahun	Medlem	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Geir Angeltveit	Medlem	V
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
John Torgeir Torsvik	Svein Halleraker	H
Silja Ekeland Bjørkly	Iiril Schau Johansen	H Gjekk kl. 13.00
Willy Borge	Gustav Bahun	FRP
Benthe Bondhus	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP Gjekk kl. 14.25
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Direktør samferdsel
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplanseksjonen
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 55/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 56/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 57/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 50/19	Fv 409 i Radøy kommune - spørsmål og svar	2019/232	
RS 51/19	Spørsmål om takstsamarbeidsavtalar	2019/10878	
RS 52/19	Svar på spørsmål frå Austevoll Senterparti	2019/11351	
RS 53/19	Senterpartiet søker rettferd i samferdsla i Austevoll	2019/11351	
RS 54/19	Opplæringsplassar nye ferjekontraktar	2019/11784	
RS 55/19	Status for Klimasats-prosjekt om fossilfrie bygge- og anleggsplassar i Hordaland/Vestland	2018/3430	
RS 56/19	Travel like the locals	2019/11302	
RS 57/19	Status for gjennomføring av bompengereforma	2014/17239	
RS 58/19	Nye vegnummer og vegskilt - orientering	2019/11597	
RS 59/19	Fv 544 Halsnøysambandet - sviktande bompengteinntekter	2019/10191	
PS 58/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 11/19	Spørsmål frå Hammer - SV - Bydelsbuss og busstilbodet internt i Åsane	2019/2775	
PS 59/19	Ymse		
PS 60/19	Folgefonn tunnelen - rapport om oppgraderingsbehov	2016/149	
PS 61/19	Søknad frå Bergen kommunale Kystkultursenter AS om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen - Nordnes - Sjøflyhavnen	2019/2055	
PS 62/19	Sunnhordlandsruta - fleire stopp Bekkjarvik	2019/11011	
PS 63/19	Tømmertransport - høyring tilskotsordning	2018/17215	
PS 64/19	Omklassifisering av Fv66 Sagvåg ferjekai i Stord kommune	2019/646	
PS 65/19	Framlegg om endra bomstasjonsplassering i Åsane bydel	2019/11614	
PS 66/19	Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken	2019/705	

PS 55/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Innkallinga og sakslista vart godkjend utan merknader.

Utvalet behandla først sak PS 65/19, deretter 60/19, 61/19, 62/19, 63/19, 64/19, 66/19, 58/19 og 59/19.

PS 56/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Møteboka frå møte 15. mai vart godkjend utan merknader.

PS 57/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Referatsaker RS 50-59/19 vart refererte.

PS 58/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 11/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Bydelsbuss og busstilbodet internt i Åsane

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slikt spørsmål:

I bystyret i Bergen har det vore spørsmål og forslag knytt til bydelshus.

Spørsmål til Samferdsledirektøren:

- Kva busslinjer dekker bydelen Åsane i dag, spesielt med omsyn til tverrgåande busstilbod internt i bydelen?
- Det er behov for auka ruteproduksjon og rutetilbod i Åsane for å sikre betre lokal dekning intern i bydelen. Er det spesielle linjer/områder, tversoverlinjer som ein ser at ikkje har godt nok tilbod i dag?
- Kva er kostnaden ved å opprette eit nytt slikt busstilbod, til dømes ein pilot med bydelshus, alternativt auke frekvensen på dagens tilbod?
- Kor fort kan eventuelle slike endringar verte satt i verk?

Svar på spørsmålet.

I Åsane bydel er det i dag 22 busslinjer. 10 av desse linjene kjører i all hovudsak berre internt i Åsane bydel. Alle linjene, med unntak av ekspressavgangar mellom Bergen sentrum og Flaktveit/Tertnes kjører til og frå Åsane terminal, noko som gjer det mogeleg å bytte mellom alle områder i bydelen. Dette gjev gode tverrgåande reisemogelegheter. Dei mest folkerike områda mot Li og Flaktveit, Toppe og Haukedalen har bussavgangar kvart 10. minutt store deler av dagen. Desse områda dekkast at bystamlinjene 3 og 4 som er dei to viktigaste busslinjene i Bergen. Tilbodet mellom Knarvik – Åsane og Bergen busstasjon vart utbedra i 2018 ved etablering av ny regionstamlinje, slik at reisande langs E39 i nordre del av Åsane fekk eit betre tilbod til/frå Åsane terminal og Bergen.

Ein trafikkplan for utvikling av kollektivtilbodet i Bergen er tidlegare behandla i fylkesutvalet (FUV PS 80/2018). Her peikast det på hovudverkemidla som gjer kollektivtrafikken meir attraktiv: Å gjere det enklare å reise kollektivt mellom anna ved å forenkle billettsystemet og gje betre trafikantinformasjon; og ved å utvikle tilbodet med høgare frekvens og enklare linjestruktur, samt gode mogelegheter for bytte mellom linjene. Høgare frekvens har størst nytte i område med tett busetnad, og reduserer reisetida ved at ventetid og byttetid vert redusert.

Dersom ein ynskjer å styrke det interne kollektivtilbodet i Åsane meier vi derfor det lyt satsast på fylgjande tiltak:

1. Knyte saman dagens lokallinjer, slik at to linjer som i dag går til/frå Åsane terminal pendlar i gjennom heile Åsane. Dette vil gje fleire reisemogelegheiter i bydelen utan nokon stor auke i ruteproduksjonen. Då må det leggest til rette for sjåførfasilitetar og reguleringshaldeplass på eit av endestogga til linja. Dette krev noko investeringar, samt i nokon tilfelle ein reguleringsplan for å kunne realiserast. I nordre del av Åsane kan ein også sjå på mogelegheit for å slå saman dei to linjene som kjører til Klauvaneset høvesvis via Haukås og Salhus. Dette kan gje fleire lokale reisemoglegheiter i nordre Åsane, og at ein kan nytte buss i «begge retningar» for å komme til/frå Åsane terminal. Desse tiltaka vil bidra til å forenkle linjenettet.

2. Auka ruteproduksjonen på eksisterande linjer, for å gje høgare frekvens, og kortare ventetid ved bytte på Åsane terminal. I så fall lyt ein prioritere å gje eit betre tilbod i dei mest tettbygde delane av bydelen, som ikkje har eit frekvent tilbod i dag. Aktuelle område kan være Tertnes, Rolland og Myrdalsskogen.

For å gje eit betre tilbod til nytt kulturhus og ny vidaregåande skule kan ein vurdere om ein eller fleire linjer skal kjøre via Åsane senter-vegen. Ulempa med dette er at framkomsten i Åsane senter-vegen stundom er dårleg då det er mykje kø. Alle busslinjene frå Åsane terminal og nordover kjører derfor i dag i Åsamyrane for å unngå trengsel knytt til senterområdet. For dei fleste reisemål er det akseptabel gangavstand til enten til Åsane terminal eller haldeplassen i Åsamyrane ved «Horisont». Dersom ein eller fleire linjer skal kjøre om Åsane senter-vegen vil dette gje auka kjøretid og auka kostnader. Ein kan ikkje i detalj svare på kor mykje auka frekvens kostar, då dette er avhengig av kor lang linja er, og kva frekvens den skal ha.

Endring av rutetilbodet skjer normalt ved haustrutestart. Dette skjer ved skulestart kvart år. Utredning og ruteplanlegging av auka produksjon hjå Skyss og operatør krev 3-6 månader avhengig av kva type endring og omfanget av endringa. Ruteendringar som krev fleire bussar tek lengre tid av di anskaffing av bussar er tidkrevjande, og kjem i etterkant av utredning og ruteplanlegging. Det er også heilt avgjerande at det er løyva midlar til gjennomføring av tiltaka.

PS 59/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Orienteringar

- Planstatus for ny veg i Tokagjelet og tiltak på FV 7 v/Karl Erik Nilsen og Magna Fondenes Vangnes, Statens vegvesen
- Forhandlingane om byvekstavtalen v/Torill Klinker, HFK
- Prosessen rundt utvida samarbeid med Bergen kommune om kollektivtransporten v/Håkon Rasmussen, HFK
- Nytt frå Statens vegvesen v/Grethe Vikane
- Nytt frå Skyss v /Målfrid Vik Sønstabø

PS 60/19 Folgefonntunnelen - rapport om oppgraderingsbehov

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av Folgefonntunnelen etter nytt kostnadsanslag, og minner om at det er eit stort behov for å auke dei statlege overføringar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene «Tunnelsikkerhetsforskriften» fører med seg. Staten har ansvar for «Tunnelsikkerhetsforskriften», og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.
2. Fylkesutvalet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefonntunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostadar (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Benthe Bondhus (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF, SV, MDG, V, H og Frp fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet arbeide vidare med å få på plass finansiering av tunnelforskrifta på FV. Det er stort sprik mellom trongen for oppgradering og økonomiske midlar til rådvelde i fylket vårt.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bondhus sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av Folgefonntunnelen etter nytt kostnadsanslag, og minner om at det er eit stort behov for å auke dei statlege overføringar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene «Tunnelsikkerhetsforskriften» fører med seg. Staten har ansvar for «Tunnelsikkerhetsforskriften», og må ta ansvar for finansieringa fullt ut. Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.
2. Fylkesutvalet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefonntunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostnadar (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.

PS 61/19 Søknad frå Bergen kommunale Kystkultursenter AS om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen - Nordnes - Sjøflyhavnen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Bergen kommunale Kystkultursenter AS løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet oppmodar til å velje miljøvenleg framdriftsteknologi.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tildeler Bergen kommunale Kystkultursenter AS løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken.

Fylkesutvalet oppmodar til å velje miljøvenleg framdriftsteknologi.

PS 62/19 Sunnhordlandsruta - fleire stopp Bekkjarvik

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 63/19 Tømmertransport - høyring tilskotsordning

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar program for utbetring av flaskehalsar for tømmertransport til orientering og har ikkje merknadar til fordeling av tilskot for perioden 2020-2021
2. Fram til program for perioden 2021-2022 skal utarbeidast er det viktig at skog- og trenæringa i samarbeid med Statens vegvesen og fylkeskommunen kjem fram til kva bruer som kan ha størst nytteverdi å utbetre og melde dette inn til Vegdirektoratet.
3. Det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å betre framkome for tømmertransport på fylkesvegnettet, som også får positiv effekt for anna tungtransport. I Hordaland er det i tillegg til bruer ofte bæreevna og standarden på fylkesvegen som er flaskehalsen. Det er derfor både behov for å auke løyvinga til ordninga og utvide den til å kunne gjelde tiltak for å utbetre flaskehalsar på vegane.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tar program for utbetring av flaskehalsar for tømmertransport til orientering og har ikkje merknadar til fordeling av tilskot for perioden 2020-2021.
2. Fram til program for perioden 2021-2022 skal utarbeidast er det viktig at skog- og trenæringa i samarbeid med Statens vegvesen og fylkeskommunen kjem fram til kva bruer som kan ha størst nytteverdi å utbetre og melde dette inn til Vegdirektoratet.
3. Det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å betre framkome for tømmertransport på fylkesvegnettet, som også får positiv effekt for anna tungtransport. I

Hordaland er det i tillegg til bruer ofte bæreevna og standarden på fylkesvegen som er flaskehalsen. Det er derfor både behov for å auke løyvinga til ordninga og utvide den til å kunne gjelde tiltak for å utbetre flaskehalsar på vegane.

PS 64/19 Omklassifisering av Fv66 Sagvåg ferjekai i Stord kommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar at Fv66 i Sagvåg (Stord kommune), frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Før overlevering til kommunen skal vegen setjast i stand som avtalt etter felles synfaring og høyringsrunde.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtar at Fv66 i Sagvåg (Stord kommune), frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Før overlevering til kommunen skal vegen setjast i stand som avtalt etter felles synfaring og høyringsrunde.

PS 65/19 Framlegg om endra bomstasjonsplassering i Åsane bydel

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget viser til framlegget til ny bomstasjonsplassering i Åsane fører til at reisande mellom Nordhordland og Nordre Åsane må betale bompengar, og at reisande mellom Nordhordland og Arna må betale bompengar begge vegar. Ny bomstasjonsplassering fører også til at det blir bompengeneinnkrevjing på begge sider av Nordhordlandsbrua ved oppstart av Nordhordlandspakken. Sjølv om reisande internt i Åsane bydel slepp å betale bompengar med den føreslåtte endringa i bomstasjonar i Åsane, meiner fylkestinget at dei føreslåtte endringane ikkje vil vere meir i tråd med nytteprinsippet eller er meir rettferdig enn dagens bomstasjonsplassering. Fylkestinget vil difor ikkje rå til endringar i bomstasjonsplassering i Åsane no.
3. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget rår til at endringar i bomstasjonsplassering i Åsane vert gjennomført slik det er foreslått. Dette vil eliminera urimeleg forskjellsbehandling av internreiser i bydelen og har lågare innkrevingskostnader.
3. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringvegaust, byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast moglegbyggjstart. Ei flytting av bomstasjonen til E39 ved Nordhordlandsbrua skal medverka til å sikra finansiering og tidlegare oppstart av den nye vegstrekninga.
4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterligare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.
5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. Den totale bompengebelastninga i Bergen og omland er for høg. Fylkestinget vil arbeida for at den statlege finansieringa av prosjekta vert auka. I tillegg vil fylkestinget krevja ei betre samordning av bompengepakkeane i og rundt Bergen slik at belastninga på trafikkantane vert meir rettferdig.»

Renate M. Klepsvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget går inn for å fjerne ytre bomring i Bergen. FT ber om at alle delprosjekt i Miljøløftet blir gjennomgått med sikte på å redusere kostnader og/eller ta ut delprosjekt for å redusere bompengebelastninga i Bergen.»

Røysting

Klepsvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 5 røyster (A og MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (Sp, H, V, SV og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget viser til framlegget til ny bomstasjonsplassering i Åsane fører til at reisande mellom Nordhordland og Nordre Åsane må betale bompengar, og at reisande mellom Nordhordland og Arna må betale bompengar begge vegar. Ny bomstasjonsplassering fører også til at det blir bompengennekkrevjing på begge sider av Nordhordlandsbrua ved oppstart av Nordhordlandspakken. Sjølv om reisande internt i Åsane bydel slepp å betale bompengar med den føreslåtte endringa i bomstasjonar i Åsane, meiner fylkestinget at dei føreslåtte endringane ikkje vil vere meir i tråd med nytteprinsippet eller er meir rettferdig enn dagens bomstasjonsplassering. Fylkestinget vil difor ikkje rå til endringar i bomstasjonsplassering i Åsane no.
3. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast.

PS 66/19 Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til takst i takstgruppe 1 til 50 kr, og 65 kr for takstgruppe 2.
2. Det vert tak på 25 passeringar pr kalendermånad i takstgruppe 1, og ingen tak i takstgruppe 2

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet rår til takst i takstgruppe 1 til 50 kr, og 65 kr for takstgruppe 2.
2. Det vert tak på 25 passeringar pr kalendermånad i takstgruppe 1, og ingen tak i takstgruppe 2.